

# STUDENTARBEID

Studium: **Global Knowledge**

---

Emnenamn: **Global Knowledge 1**

---

Emnekode: **GK 300**

---

Vurdering: **Prosjektoppgåve**

(kode og type vurdering – mappe, heimeeksamen, prosjekt)

---

Kandidatnummer: **108**

---

Innlevert dato: **24.05. 2012**

---


Tal nummererte sider:

---

# FOSSEN SOM TORDNAR

- Ei studie av utvalde zambiarar sitt syn på økonomiske og sosiokulturelle verknader av turismen i og rundt verdsarvområdet ved Victoriafalla –

*-A case study of the local peoples view on the economic and sociocultural effects caused by the tourism around the World Heritage Site of Victoriafalls-*



Britt-Mari Aldal

Global Knowledge

GK300

Mai 2012



## **SAMANDRAG**

Gjennom oppgåva er det prøvd å få fram eit bilete på kva for økonomiske og sosiokulturelle verknader som førekjem i og rundt eit verdsarvområde som følgje av turiststraumen som denne statusen medfører. Det er teke utgangspunkt i Victoriafalla, og den nærliggjande byen Livingstone i Zambia. Verdsarvstatusen som UNESCO har tildelt området tiltrekkjer kvart år tusenvis av turistar til området, og dette har både positive og negative verknader. Den endelege problemstillinga blei; ”Kva for økonomiske og sosiokulturelle fordelar og ulempar meiner eit utval zambiarar at turismen rundt verdsarvområdet ved Victoriafalla ført med seg?”.

Det er brukt kvalitativ metode i oppgåva. Denne metoden blei valt for å få personlege og presise svar. Informantane er først og fremst lærarar som bur og arbeidar i Livingstone, samt den kvinnelege høvdingen i Mukuni og områdesjefen for verdsarvområdet rundt Victoriafalla.

Emne som blir teke opp i oppgåva er globalisering og turisme, kultur, verdsarvstatus, Victoriafallas betydning for lokalbefolkninga, økonomiske og sosiokulturelle verknader, samt berekraftig turismeutvikling. Globalisering er ein av dei viktigaste trendane som påverkar turismen, og turisme er sannsynlegvis den aktiviteten som skapar flest møter mellom folk frå ulike kulturar.

Victoriafalla har opp gjennom tidene vore ein heilag plass for lokalbefolkninga, og turiststraumen har heilt klart hatt ein innverknad på området. Empirien visar at det er litt blanda meiningar om turismen i Livingstone og verdsarvområdet rundt Victoriafalla. Nokre har mykje positivt å trekkje fram, medan andre ser dei meir negative effektane.

Verdsarvstatusen er med på å setje Livingstone og Zambia på kartet, den bidreg til fleire arbeidsplassar, og lokalbefolkninga får moglegheit til å møte personar frå andre kulturar, noko som fører til at dei kan lære nye språk og få kunnskap om andre kulturar. Auka sysselsetjing og auka inntekter til landet som ein effekt av turismen, er med på å redusera fattigdom. På den andre sida kan ein sjå at turismen er med på å forstyrre den lokale kulturen, og fleire meiner at den lokale kulturen er i ferd med å vatnast ut på grunn av altfor mykje vestleg påverknad.

Nøkkelord: Turisme, økonomiske og sosiokulturelle verknader, globalisering, kultur og berekraftig turismeutvikling

## **ABSTRACT**

This assignment will try to present a picture of how the economic and socio-cultural impacts will be affected in and around a World Heritage Site as a result of the tourist flow to this status entails. It is based on the Victoria Falls, and the close by city Livingstone in Zambia. The World Heritage status that UNESCO has given the area attracts thousands of tourists every year to this area, which will have both positive and negative effects. The final issue was: “Which economic and socio-cultural advantages and disadvantages believe the common Zambian people the tourism around World Heritage at Victoria Falls has brought?”

There is quantitative method used in this assignment. The method was chosen in order to get a personal and accurate answer. The informants are primarily teachers who live and work in Livingstone, as well as the chiefness in Mukuni Village, and the site manager of the Heritage listed area around the Victoria Falls.

The topics that will be taken up is globalization and tourism, culture, World Heritage status, the importance of the Victoria Falls for the local population, economic and socio-cultural impact, and sustainable tourism development. Globalization is one of the most important trends affecting tourism, and tourism is the activity where people from different cultures have the best chance to meet.

The Victoria Falls has through the ages been a holy place for the local population, and the tourism has obviously an effect on this area. Empirical data shows that there are some mixed opinions about tourism in Livingstone and the area around the World Heritage Site Victoria Falls. Some brings out the positive, while others see the negative effects. World Heritage status brings the area out in the spotlight, it contributes to more jobs and the local people get the opportunity to meet people from other cultures, which makes it easier for them to get knowledge about other cultures, and they have the opportunity to learn new languages. Increased employment and increased income to the country as an effect of tourism, is helping to reduce poverty. On the other hand the tourism can contribute to disturb the local culture, and be damaged by the western influence.

Keywords: Tourism, economic and socio-cultural impacts, globalization, culture and sustainable tourism development.

## FORORD

Oppgåva er skriven våren 2012 i samband med faget Global Knowledge ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett. Eg valde faget som valfag i 6.semester i bachelorutdanninga i friluftsliv ved same institusjon. Oppgåva er skriven med bakgrunn i eit tre månader langt opphald i Livingstone, Zambia.

Gjennom arbeidet med oppgåva har eg lært mykje om kva det vil seie å drive feltarbeid utanfor Noreg. Det er eit svært tidkrevjande arbeid, og ein møter på mange utfordringar som ein kanskje ikkje hadde tenkt på. Kulturen er svært annleis, og språket kan til tider vera ein utfordring. Men ved å bruka tid på å prøve å forstå forskjellane og knekke nokre kulturelle kodar, så har det som regel løyst seg. Folket i Zambia er svært vennlege og hyggelege folk, og det har vore moro å bli kjent med så mange ulike personar. I tillegg har eg erfart at det å sitje inne og skrive oppgåve når sola skin utanfor og det er langt over 30 grader pluss i skyggen, det kan vera ein utfordring for ”solhungrige” nordmenn!

Så til takkerunden. Først av alt vil eg takke alle dei ti fantastiske medstudentane mine som gjorde opphaldet i Zambia uforgløyemeleg, og som gav meg motivasjon, idear og oppmuntring undervegs. Utan dykk hadde nok ikkje oppgåva blitt den same. Eg vil vidare rette ein stor takk til alle informantane i Zambia som stilte opp til intervju og samtalar, og gav meg materiale til å jobbe vidare med. Tusen takk også til alle andre som har bidrege med eitt eller anna. Tilslutt vil eg takke Ane Bergersen for svært god vegleiing, idear og moralsk støtte når prosessane stoppa litt opp. Utan deg hadde dette blitt vanskeleg å gjennomføra!

Sogndal, 23.mai 2012

Britt-Mari Aldal

## **INNHALDSLISTE**

SAMANDRAG .....	3
ABSTRACT .....	4
FORORD.....	5
1. INNLEIING.....	8
1.1 Problemstillinga .....	9
2. TEORI .....	10
2.1 Globalisering og turisme.....	10
2.1.1 Moderniseringsteori og turisme.....	10
2.1.2 Avhengigheitsteori og turisme .....	11
2.2 Kultur og turisme .....	11
2.2.1 Tverrkulturell kommunikasjon – møter mellom lokalbefolkning og turistar .....	12
2.3 Turisme i Zambia – eit våpen i kampen mot fattigdom.....	13
2.4 Verknader av turisme .....	14
2.4.1 Økonomiske verknader .....	14
2.4.2 Sosiokulturelle verknader .....	15
2.5 Berekraftig turismeutvikling.....	16
2.6 UNESCO og verdsarvstatus.....	17
3. METODE .....	19
3.1 Val av metode .....	19
3.2 Utval .....	19
3.3 Intervju .....	20
3.4 Hermenautikk.....	22
3.5 Reliabilitet og validitet .....	23
4. EMPIRI .....	25
4.1 Victoriafalla – Zambias stoltheit og ein heilag plass.....	25
4.2 UNESCO og verdsarvstatus.....	27
4.3 Økonomiske verknader .....	29
4.4 Sosiokulturelle verknader .....	30
5. DISKUSJON OG DRØFTING.....	33
5.1 Lokalbefolkninga sitt syn på dei økonomiske verknadene av turismen i og rundt Livingstone ..	33
5.2 Sosiale og kulturelle konsekvensar av turismen i Livingstone .....	34
5.3 Verdsarvstatusen sin betydning.....	36
6. OPPSUMMERING – KONKLUSJON.....	39

7. LITTERATURLISTE .....	41
VEDLEGG:INTERVIEW GUIDE.....	43

## 1. INNLEIING

Heilt sidan den skotske eventyraren David Livingstone ”oppdaga” Victoriafalla på midten av 1800-talet har byen Livingstone, heilt sør i Zambia, tiltrekt seg turistar. Byen er med sin nærleik til Victoriafalla ein av Afrikas mest populære turistmål, og blir ikkje utan grunn marknadsført som ”The adventure capital of Africa”. Den mektige Zambezi-elva og den storslåtte naturen rundt gjev rom for actionfylte og opplevingsrike aktivitetar som til dømes rafting, strikkhopp, kajakk- og kanopadling, mikroflyturar og ulike safariar. I tillegg finn ein også utallige overnattingsmogelegheiter og restaurantar i området, alt frå svært luksuriøse hotell og lodgar, til meir lokale og intime gjestehus (Rogerson, 2004).

Victoriafalla er verdas nest største fossefall, og har sidan 1989 stått oppført på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv. Victoriafalla har også blitt rekna som eit av verdas sju naturlege underverk, og desse faktorane har av naturlege årsaker forårsaka ei auke i turiststraumen til området, då fleire og fleire ønskjer å sjå dette storslåtte fossefallet. Kvart år besøker i overkant av 250 000 turistar Victoriafalla (Murphy et.al, 2010). Verdsarvstatusar frå UNESCO er med på å auke merksemda og turiststraumen til dei områda som får statusen, og ein kan sjå at mange stader har denne statusen gjort områda meir sårbare. Turismen medfører både fordelar og ulempar for dei ulike områda, både i høve til økonomiske konsekvensar, naturen, miljøet og lokalbefolkninga. Døme på negative effektar kan vera skade på natur og kulturminne, fysiske og psykiske forandringar på lokalsamfunnet, trengsel (crowding) og konflikhtar mellom brukarinteresser. På den andre sida har ein dei positive verknadene som kan vera auka inntekter i lokalsamfunnet, auke i talet på arbeidsplassar og sosialisering mellom turistar og lokalbefolkning (Mehmetoglu, 2007).

Berekraftig turismeutvikling er i fokus som aldri før. Omgrepet *berekraftig utvikling* har sitt utgangspunkt i Brundtlandsrapporten frå 1987, eller rapporten til Verdskommisjonen for miljø og utvikling som den offisielt heiter. Hovudkonklusjonen frå arbeidet var at all utvikling måtte bli berekraftig (Mehmetoglu, 2007). Berekraftig utvikling handlar om at naturressursane og miljøet må forvaltast på ein slik måte at dei møter dei behova vi har i dag utan at dei øydelegg moglegheita for framtidige generasjonar til å kunne oppfylle sine egne behov. I tillegg til naturen og miljøet må berekraftig turismeutvikling også omfatte omsynet til både kulturen og livsstilen til lokalbefolkninga (World Commision on Environment and



Development 1987 i Jacobsen & Eide, 2002: s.120). Men kor berekraftig meiner lokalbefolkninga at turismen i området rundt Livingstone og Victoriafalla er? Og kva legg ein zambiar i omgrepet berekraftig utvikling?

Bakgrunnen for val av temaet er i hovudsak mi interesse for naturbasert turisme og friluftsliv. Oppgåva er skriven med bakgrunn i eit tre månaders langt opphald i byen Livingstone i Zambia, og all datainnsamling er gjort der. Det var derfor naturleg å fokusera på den største turistattraksjonen der, nemleg Victoriafalla. Etter å ha gjort litt undersøkingar i området rundt Victoriafalla og Livingstone, fall interessa mi meir og meir på kva fordelar og ulemper turismen har for eit verdsarvområde som Victoriafalla. Etter å ha jobba ein del sesongar i Flåm og Nærøyfjorden, som også har verdsarvstatus, blei det for meg naturleg å rette eit fokus mot verdsarvstatusen og UNESCO. Korleis merkar lokalbefolkninga turiststraumen i området? Kva verknader har turismen i eit verdsarvområde som ved Victoriafalla? Blir lokalbefolkninga sine behov, ønske, skikkar og tradisjonar godt nok ivareteke? Dette er nokon av spørsmåla som dukka opp, og som eg ønska å undersøke vidare.

### **1.1 Problemstillinga**

Den endelege problemstillinga blei;

*Kva for økonomiske og sosiokulturelle fordelar og ulemper meiner eit utval zambiarar at turismen rundt verdsarvområdet ved Victoriafalla har ført med seg?*

I hovudsak er målet å finna ut kva for økonomiske og sosiokulturelle verknader som har oppstått i og rundt verdsarvområdet ved Victoriafalla som følgje av den auka turiststraumen til området. Det er teke utgangspunkt i kva eit utval zambiarar meiner er fordelane og ulempene. I tillegg vil berekraftig turismeutvikling, verdsarvstatus og UNESCO sitt arbeid i området stå sentralt i oppgåva.

## 2. TEORI

### 2.1 Globalisering og turisme

Anthony Giddens (1991) har definert globalisering slik;

*”... som prosesser der det skjer en intensivering av verdensomspennende sosiale relasjoner, som kobler sammen fjerne lokaliteter på en slik måte at lokale begivenheter blir påvirket og vice versa” (Giddens ,1991).*

Globalisering er ein av dei viktigaste trendane som verkar inn på turismen. Globaliseringa er ikkje berre knytt til tendensar mot ein verdsøkonomi, men er også forbunde med kulturelle endringar. Dette inneber mellom anna at ulike delar av verda blir meir og meir like på visse områder, både praktisk og kulturelt. Ein del slike trekk blir gjerne omtala som amerikanisering eller europeisering, då eit stort fleirtal av turistane kjem frå vestlege land (Jacobsen, 2008). Ulikskapane mellom folk er innsnevra, og verdas befolkning er blitt meir homogen. Ein kosmopolitisk kultur er i utvikling. Ein kan seie at folk tenkjer globalt og handlar lokalt (Baylis et.al, 2010). Globaliseringa fører mellom anna til ein får meir informasjon om folk rundt om kring i verda og får større moglegheit til å besøke dei. Media, med fjernsyn, radio, aviser og internett, er ein stor bidragsytar til at verda er blitt meir homogen. Kanskje det er nettopp derfor mange ønskjer å oppleve det som er ”annleis”, noko som gjer at verda framstår som meir homogen. Fleire menneske får dei same globale referanserammene og svært ulike plassar rundt om i verda blir meir like på visse områder. Det kan verke som om kulturforskjellar blir viska ut som eit resultat av den aukande globaliseringa. Internasjonale hotellkjeder, internettkafear og multinasjonale selskap, som til dømes Coca-Cola og McDonald`s, er uttrykk for ein globaliseringsprosess som gjer det vanskelegare å oppleve særigne stader og folk (Eide, 2002).

#### 2.1.1 Moderniseringsteori og turisme

Dette er ein retning innan utviklingsteori der målet er å få utviklingslanda opp på det same utviklingsnivået som industrilanda. Alle samfunn kan plasserast på ein skala frå det tradisjonelle til det moderne (Johannesen & Leraand, 1997). Tradisjonelle samfunn blir omforma til moderne samfunn ved å gjennomgå ulike stadium eller utviklingstrinn. Eit sentralt punkt i moderniseringsteorien er at om ein utviklar eit land, vil fleire følgje etter. Bruttonasjonalprodukt, inntekt per innbyggjar, sosiale indikatorar og aksept av moderne

verdiar er døme på kriterium som er med på å fastsetje kva for utviklingstrinn eit samfunn er på. Dette blir ofte beskrive som ein europeiseringsprosess. Ved å etterlikna vestlege lands utviklingsmønster, blir dei interne strukturane i utviklingsland meir og meir like strukturane til land i Vesten. Dette kjem til uttrykk gjennom auka urbanisering og industrialisering, utvikling av moderne verdiar og framvekst av moderne institusjonar, samt auka rasjonalisering og differensiering av sosiale strukturar og roller. Det er sterke forbindelsar mellom modernisering og turisme. Ein rettferdiggjær turismerelatert utvikling ved å visa til det økonomiske vekstpotensialet som turismenæringa har. Turisme blir sett på som ei kjelde til vekst, der det oppstår økonomiske fordelar som spreier seg gjennom økonomien til andre delar av samfunnet. Turismen blir framheva på grunn av sitt bidrag til inntektsskaping og sysselsetjing, samt for dei ringverknadene den har i økonomien (Sharpley, 2002).

### **2.1.2 Avhengighetsteori og turisme**

Avhengighetsteori blir ofte omtala som underutviklingsteori, og går ut på at mange av utviklingslanda er heilt avhengige av industrilanda når det gjeld økonomiske verdiar. Økonomien til utviklingslanda er avhengig av utviklinga og ekspansjonen til industrilanda. Ei spreining av vestleg kapital, teknologi og verdisystem fører til det stikk motsette av kva moderniseringsprosessen hevdar. Grunnen til at dette skjer er fordi at vestlege land utnyttar sin dominerande posisjon, innanfor dei globale økonomiske og politiske strukturane, til å utnytte dei svakare landa (Sharpley, 2002). Til dømes blir natur- og kulturressursane i fattige land utnytta for reiselivsformål, samstundes som mykje av pengane tilflyt dei rike landa. Årsaka ligg i den internasjonale turismens struktur. Vestlege eigarskap dominerar både i hotellkjeder, reisebyrå, turoperatørar og transportselskap (Eide, 2002). Ofte blir føretak i mindre utvikla land eigd av vestlege selskap, utlendingar innehar leiarstillingane og overskot går tilbake til moderselskapa i utlandet. Dette gjer til at det er umogleg for utviklingsland å bryta ut av avhengigheita og avansera til ein økonomisk posisjon ved sidan av dei store, kapitalistiske industrimaktene (Sharpley, 2002). Eit døme på dette er ei undersøking frå Kenya, som viser at berre 10 prosent av det samla turistforbruket kjem landet til gode (Eide, 2002).

## **2.2 Kultur og turisme**

*”Kultur er de ferdigheter, oppfatninger og væremåter personer har tilegnet seg som medlemmer av samfunn” (Thomas Hylland Eriksen i Tordsson, 2010: s.60).*

Kultur er noko ein lærer, i motsetnad til det som er medfødd eller naturgjeve. Ingen har nokosinne møtt ein kultur, fordi det er ikkje kulturane som møtest, det er menneska. Kultur viser berre til nokon fellestrekk, ofte blir dei store forskjellane mellom menneska utelete. Til dømes er ikkje alle nordmenn like sjølv om dei tilhøyrrer ein norsk kultur. Dei er individ, og det gjeld også for dei som blir skildra som å tilhøyra ein anna kultur (Dahl, 2001).

Turisme er sannsynlegvis den aktiviteten som skapar flest møte mellom folk frå ulike kulturar. På den eine sida har turisme blitt sett på som eit bidrag til å skapa større forståing over landegrensene. Toleranse, forståing og vennskap er her nøkkelford. På den andre sida blir det hevda at turismen fører til stereotypisering og ei stadfesting av negative oppfatningar om andre folk. Eit døme på dette kan vera at franskmenn blir oppfatta som uhøflege eller at afrikanarar blir oppfatta som skitne. Turistnæringa skapar eit bilete av at det er turistane som blir forandra etter å ha vore på reise, men det viser seg at det er det stikk motsett som skjer. Stort sett er det dei ”innfødde” som endrar seg og ikkje turistane (Olsen, 2008). Det turistane ser, blir ei stadfesting av deira tidlegare forståing, medan lokalbefolkninga må skapa ei ny forståing av seg sjølv. Dette er ei forståing som baserar seg på den vestlege tanken om at det er dei andre som er tradisjonelle og tilbakeståande, men at dei vil utvikla seg mot dei vestlege ideala (Bruner, 1995). Lokalbefolkninga kan samanlikne sin eigen livsstil med turistane sin livsstil, og mange kan føla seg mindreverdige ovanfor turistane. Dette kan føra til akkulturasjon. Akkulturasjon er når lokalbefolkninga traktar etter den same livsstilen og dei same materielle godane som dei ser at turistane har (Eide, 2008).

### **2.2.1 Tverrkulturell kommunikasjon – møter mellom lokalbefolkning og turistar**

Eit viktig spørsmål er i kor stor grad møter mellom lokalbefolkning og turistar kan bidra til auka tverrkulturell forståing, eller om det heller er med på å forsterka eksisterande haldningar og fordommar lokalbefolkning og turistane har ovanfor kvarandre. Ved tverrkulturelle møte der det eksisterar store kulturforskjellar, er det størst fare for fornærming og misforståing av åtferd (Eide, 2008).

Kultur er noko ein kan sjå og delta i. Samstundes kan det ein observerar tilleggast høgst ulike meiningsforhold. Idear, verdiar, reglar, normer, kodar og symbol kan fortolkast ulikt av ulike personar, og i ulike kulturar. Det viktigaste i tverrkulturell kommunikasjon er å vera open for at finst andre moglegheiter for forståing enn det som først fell naturleg. Dette igjen fører mot det ein kan kalla kulturel relativisme. Det betyr at ein er open for å forsøka å forstå ein kultur ut

frå kulturens egne føresetnader. Ein forsøker altså å forstå kva for modellar som ligg til grunn for og brukast i tolkinga av handlingar i andre kulturar enn ens eigen (Dahl, 2001). Respekt og openheit bør vera eit tovegs forhold, også når det gjeld turisme. Dette fordi at turismen ofte inneheld eit maktforhold i favør av turistane. Likevel er eit kjenneteikn på store delar av internasjonal turisme er at turistane gjerne vil oppleve det nye og spennande, men det dei endar opp med er å opphalde seg innanfor det som er blitt kalt ei ”økologisk boble” eller ei ”turismeboble”. Altså skjer svært mykje av turistane sine opplevingar innanfor institusjonar som hotell, restaurantar, turbussar og museum der turistane har moglegheit til å oppføra seg slik dei er vane med. Vårt daglegliv er blitt så globalisert at ein kan få den same maten som ein får heime og betale den med same kredittkort over alt i verda (Olsen, 2008).

### **2.3 Turisme i Zambia – eit våpen i kampen mot fattigdom**

Turisme har dei siste 10-15 åra blitt meir og meir viktig for den zambiske økonomien. Med den stadig nedgåande koparindustrien og med opptil 80 prosent av befolkninga som lever under fattigdomsgrensa, har regjeringa fått auga meir og meir opp for turismen som ei løysing på dei økonomiske problema. (The African World Heritage Fund, 2006).

Inntektene frå turismesektoren auka frå 111 millionar i 2000 til 164 millionar i 2005.

Hovudårsaka til den store auken ligg i uroa i nabolandet Zimbabwe (The African World Heritage Fund, 2006). Uroa i Zimbabwe, skapa av president Mugabe sin landreformpolitikk, etterfølgt av økonomisk kaos på byrjinga av 2000-talet, medførte ei stor auke i turistar til Zambia (Rogerson, 2004).

Zambias turismepolitikk understrekar viktigheita av reiselivsutvikling som eit middel for å redusera fattigdom med særleg fokus på distrikta. Måla med retningslinjene er å lette utviklinga av eit diversifisert, berekraftig og konkurransedyktig reiselivsnæring. Dei skal også sikre kvaliteten på miljøet og berekraftig utnytting av arv og naturressursar. Zambias strategi for reduksjon av fattigdom (PRSP) tilseier at turismen må bidra effektivt til landets bruttonasjonalprodukt, valutainntekter og fattigdomsbekjemping. PRSP peikar på turismen sitt potensial i utviklinga av rurale område, samstundes som ein erkjenner den samansette effekten av turismeutvikling og utvikling av infrastruktur. Turisme blir sett på som ein sektor godt eigna til kompetanseutvikling, særleg når det gjeld entreprenørskap. PRSP jobbar for at lokalbefolkninga skal ha eit minimum av 40 prosent i eigarandelar når det gjeld innkomande

investeringar i turistsektoren. Dei jobbar også med marknadsføring og å fremje det lokale reiselivet på lokale og internasjonale marknader (The African World Heritage Fund, 2006).

## **2.4 Verknader av turisme**

Det er viktig å vera klar over både dei positive og negative verknadene av turismen, og ein kan dele verknadene inn i tre hovudkategoriar; økonomiske, miljømessige og sosiokulturelle verknader. Det er også viktig å understreka at desse tre kategoriane ofte overlappar kvarandre. (Mehmetoglu, 2007). Nedanfor vil ulike økonomiske og sosiokulturelle verknader bli presentert.

### **2.4.1 Økonomiske verknader**

Frå 1950 til 2010 auka internasjonale turistinnkomstar frå 25 millionar til 940 millionar per år. Gjennom dei siste tiåra har turisme som næring opplevd ein stor vekst, og er blitt ein av dei største økonomiske sektorane i verda. Mellom anna representerar turisme ein av dei største inntektskjeldene for utviklingslanda. Gjennom arbeid og inntektsauke for folk som bur på turistdestinasjonane, gjennom leveranse av varer og tenester, samt gjennom eksterne effektar som til dømes utbygging av infrastruktur, kan turisme positivt bidra til fattigdomsreduksjon. Den globale spreininga av turisme, både i industri- og utviklingsland, har ført til ei rekkje fordelar for mange ulike bransjar – alt i frå bygging til jordbruk til telekommunikasjon (World Tourism Organisation, 10.04.2012).

Fleire og fleire land, både utviklings- og industriland, har fått auge opp for turisme som ein potensiell primærnæring på grunn av den påstått positive økonomiske verknaden (Mehmetoglu, 2007). For meir enn 50 av dei fattigaste landa i verda, er turisme blant dei tre største sektorane i landas økonomi (Utanriksdepartementet, 30.03.2012). Mellom desse landa finn ein Zambia. Sidan 1996 har myndighetene i Zambia fokusert på marknadsføring av turisme. Turisme blir sett på som ein potensiell medverknad i utviklinga av økonomien i landet (Rogerson, 2004). Det er ikkje til å koma utanom at ei slik satsing på turisme medfører ein del verknader, både positive og negative (Mehmetoglu, 2007).

**Auka inntekter og auka sysselsetjing:** Ein positiv verknad av turisme er at turismen fører med seg auka etterspurnad etter ulike produkt og tenester. Etterspurnaden etter dei ulike varene og tenestene må sjåast på som nye auka inntekter for den lokale økonomien då den ikkje ville eksistert om ikkje turistane var der. Primært omfattar desse varene og tenestene overnattingstilbod, transport, underholdning, aktivitetsprodukt, reisebyråtenester og

detaljhandel. Vidare kan ein sjå på dei økonomiske ringverknadene av etterspurnaden etter desse tenesta og produkta. Inntektene frå turismen kan ikkje bereknast berre på bakgrunn av det faktiske forbruket til turistane som ein finn på sjølve destinasjonen, ein må også ta i betraktning at turismeinntektene medfører vidare forbruk både i og utanom destinasjonen. Desse verknadene kan delast i tre. Første har ein turistane sitt direkte forbruk, til dømes kjøp av overnatting, mat og drikke, suvenirar, aktivitetar, klede og gåver. Så brukar leverandørane av dei forutgåande tenestene og produkta ein betydeleg del av inntektene på ulike utgifter som lønsutgifter, skatt, forsikring og råvarer. Til sist forårsakar pengebruken frå den andre runden ytterlegare forbruk i ulike sektorar av den lokale økonomien (Mehmetoglu, 2007). Eit døme på dette kan vera eit hotell som betalar eit gartnarfirma for å halde hagen og området rundt hotellet velstelt. Gartnarfirmaet blir i dette tilfellet ei tredjerundebedrift som tener nye inntekter på bakgrunn av reiselivsnæringa. Det same kan knytast til auka sysselsetjing. Turismen skapar nye arbeidsplassar i hotellnæringa, drosjenæringa, restaurantnæringa og underhaldningsbransjen. Vidare skapar etableringa og/eller utvidinga av desse næringane sysselsetjing i andre næringar som til dømes bygningsbransjen (Mehmetoglu, 2007). For å ta eit døme frå Livingstone, der auka talet på arbeidsplassar direkte knytt til turistnæringa med heile 25 prosent då dei to hotella Royal Livingstone og Zambezi Sun opna i 2001 (Rogerson, 2004).

**Økonomisk lekkasje:** Ein negativ økonomisk effekt vil vera økonomisk lekkasje.

Økonomisk lekkasje vil seie den delen av direkte turismeinntekter som går ut av den lokale/nasjonale økonomien. Dette skjer hovudsakleg på grunn av at destinasjonen må kjøpe varer og tenester utanfrå for å tilfredsstilla turistane sin etterspurnad, hente inn fagekspertise utanfrå for mellom anna å kunne byggje opp hotell og attraksjonar, importera materiale og liknande for oppbygging av hotell og attraksjonar, samt importere arbeidskraft utanfrå for å kunne betene turistane. Den økonomiske lekkasjen er estimert til nærare 50 prosent for dei fleste av utviklingslanda. Det å minske den økonomiske lekkasjen, blir den viktigaste føresetnaden for å få maksimal effekt av turismen i eit område (Mehmetoglu, 2007).

#### **2.4.2 Sosiokulturelle verknader**

Det er ikkje til å unngå at turismen også skapar sosiale og kulturelle konsekvensar i eit lokalsamfunn. På den eine sida kan ein sjå dei negative effektane ved at ulike kulturar møtest, til dømes ved at lokale kulturar og tradisjonar blir forstyrra. Turismeindustrien sine krav til

visualisering og tidsbruk, kan føra til endringsprosessar der materielle uttrykk, lokale festivalar og ritual blir forandra etter desse krava (Olsen, 2008).

Møta mellom lokalbefolkninga og turistane er ikkje nødvendigvis negative. I følgje Mehmetoglu (2007) kan ein positiv sosiokulturell verknad av turismen vera at den kan vera med på å skapa auka trivsel hos lokalbefolkninga. Det vil til dømes seie at infrastrukturen, som til dømes betre vegar, rekreasjons- og kulturtilbodet som primært blir utvikla for turistar, også kjem lokalbefolkninga til gode, både under og utanom turistsesongen. Vidare får også lokalbefolkninga moglegheit for sosialisering gjennom turistane si tilstedeværing. For lokalbefolkninga kan turismen vera ein moglegheit for å læra seg språk, ha selskap og starte nye vennskap. Samtidig kan turistane få ein moglegheit til å koma nærare inn på den lokale kulturen og livsstilen til lokalbefolkninga (Mehmetoglu, 2007). Dette føresett at både lokalbefolkning og turistar forsøker å ha eit såkalla kulturrelativistisk syn. Det vil seie at ein forsøker å forstå kvifor dei ulike kulturane er slik som dei er, før ein eventuelt fordømmer. Ein må forsøka å sjå kva for metodar og modellar som ligg til grunn ut i frå kva situasjon og kontekst ein befinn seg i (Dahl, 2001).

Ei utfordring ein møter i ein del turistområdet er ei auke i ein del uønska aktivitetar som kriminalitet, prostitusjon og gambling, samt auka alkohol- og narkotikaforbruk. Dette kan bli ei stor belastning for lokalsamfunnet. Ein har også sett at turismeutviklinga, og då særleg den forma som ikkje er forankra hos lokalbefolkninga, kan forårsaka ei uvennleg haldning mot turistane blant dei lokale innbyggjarane. Turistane blir gjerne sett på som ei byrde som belastar den lokale infrastrukturen, som til dømes vegar og kloakk, utover berevena. Turismen kan også føra til at det blir lange køar, mykje trafikk og forsøpling (Mehmetoglu, 2007).

## **2.5 Berekraftig turismeutvikling**

Berekraftig turismeutvikling viser til både økonomiske tilhøve, sosiokulturelle tilhøve og naturmiljø, samt til ein form for turisme som vil overleva på lang sikt (Viken & Haukeland, 2008). Omgrepet berekraftig utvikling er blitt svært populært dei siste tiåra, men mange er kritiske både til sjølve omgrepet og til kva ein faktisk oppnår av utvikling ved å følgja dei prinsippa som er nedfelt i det. Ein kan diskutera om denne ueinigheita kanskje har med å gjera at ein ikkje er einig om sjølve tydinga av omgrepet, då det er foreslått meir enn 70 ulike definisjonar. Det kan vera vanskeleg å avgjera konkret kva berekraft vil seie i ulike



situasjonar eller når ein går over grensa for forsvarleg ressursbruk. Det same gjeld for omgrepet berekraftig turismeutvikling (Jacobsen & Eide, 2002) . Omgrepet *berekraftig utvikling* refererer til Brundtlandsrapporten frå 1987, eller Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (WCED) som den offisielt heiter. Ein blei meir og meir bekymra over det moderne samfunnets djupe innverknad på miljøet og naturressursane etter andre verdskrig, og rapporten studerar forholda mellom fattigdom, miljø og utvikling. (Mehmetoglu, 2007). I sin sluttrapport definerar kommisjonen berekraftigheit slik;

”...*bærekraftig utvikling er ikke en statisk tilstand av harmoni, men heller en prosess av endringer som innebærer utnyttelsen av ressurser, styring av investeringer, orientering av teknologisk utvikling og institusjonelle endringer som er i takt med framtidens så vel som nåtidens behov*” (WCED, i Mehmetoglu, 2007: s 30.).

*Berekraftig turisme* har sitt utgangspunkt i *berekraftig utvikling*. Det kan definerast som ein form for turisme som møter behova til turistane, turismeindustrien og vertssamfunnet i dag utan å øydeleggje moglegheitene for framtidige generasjonar til å kunne oppfylle sine egne behov. Naturressursane blir utnytta på ein måte som stimulerar økonomisk aktivitet utan at det overskrid bereevna til naturen og miljøet. Kjernen i berekraftig turismeutvikling er lokalbefolkninga, og deira behov blir sett på som det viktigaste (Mehmetoglu, 2007). Men ser ein det frå ein litt annan vinkel, ser ein at uansett korleis ein snur og vender på det, inneber turisme belastning på natur og miljø. *Berekraftig turisme* vil derfor i nesten alle samanhengar vere mindre miljøvenleg enn ikkje-turisme (Viken & Haukeland, 2012).

## **2.6 UNESCO og verdsarvstatus**

United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization (UNESCO), er FN's organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. Organisasjonens mandat er å bidra til fred og tryggleik ved å fremje samarbeid mellom nasjonar innan dei fire fagområda (whc.unesco.org, 02.04.2012).

Victoriafalla er saman med mellom anna Pyramidane i Egypt, den kinesiske mur, Bryggen i Bergen og Vestnorsk Fjordlandskap, uerstatteleg underverk. Verda har eit felles ansvar for å ta vare på desse stadane for kommande generasjonar. Desse stadane fortel oss noko om korleis det har vore å vere menneske gjennom historia, i tillegg til at dei gjev oss identitet.

UNESCO sitt verdsarvoppdrag er mellom anna å oppmuntra land til å signera Konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv, samt å oppmuntra til internasjonalt samarbeid om vern av desse stadane. UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv inneheld over 900 stader, både kulturstaradar og naturområde. Det grunnleggjande kriteriet som må oppfyllest for å få ein stad på lista er at arven er stadfast, altså den kan ikkje flyttast. I tillegg til dette grunnleggjande kravet har UNESCO sett opp ti ulike krav, der eit eller fleire må oppfyllest for å få verdsarvstatus. Kriteria blir jamleg justert av Verdsarvkomiteen for å reflektera utviklinga av verdsarvkonseptet ([whc.unesco.org](http://whc.unesco.org), 07.03.2012 ).

Det at eit område får verdsarvstatus inneber ikkje ein ny form for vern anna enn det som er der frå før. Forvaltning og sikring av området skal forholde seg til nasjonalt lovverk og løysast innanfor rammene av eigne ressursar. I følgje Konvensjonens grunnprinsipp er partslandet forplikta til å gjera sitt beste for å ta vare på verdsarven. Deretter seier Konvensjonen at det internasjonale samfunnet som heilskap har plikt til å samarbeida om å ta vare på arven. Det blir kvart sjette år rapportert status for det enkelte verdsarvområdet til UNESCO. Tilstanden til verdiane som låg til grunn for innskrivinga blir gjennomgått, og ein ser på om dei har blitt endra og om det er behov for justering av forvaltninga. Har utviklinga våre uheldig kan området bli ført opp på lista over verdsarv i fare, og har verdiane heilt forsvunne frå området, kan det bli fjerna frå lista ([whc.unesco.org](http://whc.unesco.org), 07.03.2012).

Kvart år deler World Heritage Fund ut om lag fire millionar US dollar til prosjekt og aktivitetar som blir førespurd av dei ulike partane der det er behov for internasjonal bistand. Bevaring og beskyttelse av verdsarvstadane ville mange plassar ikkje vore mogleg utan denne støtta. World Heritage Fund får mesteparten av inntektene sine frå bidrag som dei ulike landa er pålagde å ha i statsbudsjettet sitt, samt frå frivillige bidrag. Verdsarvkomiteen deler også ut pengar på førespurnad når det hastar, og spesielt gjeld dette i truga områder ([whc.unesco.org](http://whc.unesco.org), 02.04.2012).

### **3. METODE**

#### **3.1 Val av metode**

Når ein snakkar om forskning i samfunnsvitskapen er det vanleg å snakke om to ulike tilnærmingar; kvalitativ og kvantitativ. Om ein brukar kvantitativ går ein i breidda, og er gjerne ute etter meir konkrete fakta og statistikk, medan om ein brukar kvalitativ metode går ein i djupna og kjem lettare inn på respondentane eller informantane. Døme på verktøy som blir brukt ved kvalitativ metode er intervju, deltaking og observasjon. Felles for desse tilnærmingane er at dei arbeidar med ord og frie uttrykksformar, i staden for talmateriale. Ofte eksisterar det ikkje nokon skarpe skilje mellom dei ulike delane av forskingsprosessen og nye spørsmålsstillingar og konklusjonar kan oppstå under sjølve datainnsamlinga. Det er ikkje noko rett eller feil metode i forskingssamanheng, men det er viktig å vera klar over dei sterke og svake sidene ein brukar i forskinga (Befring, 2007).

I oppgåva vil det bli bruk kvalitativ metode. Det vil seie at det vil brukt semistrukturerte intervju og ustrukturerte intervju. Dette meiner eg vil gje dei mest presise data då ein kan koma nært inn på informantane. Eg vil prøve å få fram personlege meiningar og inntrykk informantane har om turismen i og rundt Livingstone og ved Victoriafalla.

#### **3.2 Utval**

Uansett korleis informantane blir valde ut, må utveljinga av eit utval passe den undersøkinga ein skal gjennomføra. For å auke informasjonsinnhaldet kan ein bruke informantar som har eit høgt informasjonsinnhald om det ein undersøker. Dersom ein har ein størst mogleg variasjonsbreidde i utvalet av informantar, er også dette ein måte å auke informasjonsinnhaldet på. Det er viktig at informantane har ei god evne til å uttrykkje seg, og at dei har ein vilje til å delta (Holme & Solvang, 2004).

Eg ønskte meg litt ulike informantar som kanskje såg temaet frå litt ulike perspektiv, og som hadde forskjellige bakgrunnar. I høve til at det er høvdingparet i Mukuni som eig landet rundt Victoriafalla, og at hovudinntektskjelda der er turisme, gjorde eg eit intervju med den kvinnelege høvdingen i Mukuni. Ho blei intervjuet saman med ein av rådgjevarane sine som fungerte som tolk. Eigentleg hadde eg ønskt meg eit intervju med høvdingen, då han mellom anna snakkar mykje betre engelsk, men det var ikkje mogleg å få til i den aktuelle perioden.

Eg intervjuar også ein lærar og tidlegare innbyggjar i Mukuni Village som hadde budd der i sju år. Dei andre hovudinformatane mine er lærarar frå Livingstone, som hadde ein del kunnskap, og var spesielt interessert i turisme. Her blei det brukt semistrukturerte intervju. Eg valde å intervjuar lærarane av ulike grunnar. Den eine grunnen var at dei utvalde lærarane hadde mykje kunnskap og informasjon om emnet og kunne derfor svare på dei spørsmåla eg hadde. Ein annan grunn var at lærarar ikkje direkte tener noko på turismen, og det kunne då vera interessant å få deira syn på dei fordelane og ulempene som turismen medfører, og eg såg på dei som ganske objektive i og med at dei ikkje er direkte tilknytt turismenæringa.

Drosjesjåførar er ei yrkesgruppe som tener på turismen, og eg har spurt tre tilfeldig utvalde drosjesjåførar i Livingstone om kva for fordelar og ulemper dei ser med turismen. For å få tak i litt meir konkrete fakta, tal og bakgrunnsinformasjon, var eg også innoom turistinformasjonen i Livingstone.

Eg har også hatt eit semistrukturert intervju med områdesjefen (Site Manager) ved Victoriafalla. Dette for å få meir konkrete fakta om kva verdsarvstatusen gjer med området og kva UNESCO si oppgåve er. Elles har eg hatt ustrukturerte intervju med seljarane på marknaden utanfor inngangen til Victoriafalla. Dette var for å få eit bilete på kva dei veit om UNESCO og verdsarvområdet.

### **3.3 Intervju**

Når ein brukar kvalitativ metode, kan ein bruka ulike verktøy som intervju, observasjon og dokumentanalyse. I oppgåva vil det bli brukt semistrukturert og ustrukturert intervju. Semistrukturerte intervju har ein overordna intervjuguide som utgangspunkt for intervjuet. Spørsmål, tema og rekkjefølgje kan varierast, og forskaren kan bevega seg fram og tilbake i intervjuguiden. Utstrukturerte intervju er meir som ein samtale. Det er uformelt og spørsmåla er svært opne, samt at dei blir tilpassa den enkelte intervjusituasjonen (Johannesen et. al, 2010).

Til dei semistrukturerte intervjuar har det blitt utarbeida ein intervjuguide. Spørsmåla i intervjuguiden har blitt delt inn i ulike tema, med tre til ni spørsmål under kvart tema. Dette for å få ein best mogleg struktur på spørsmåla. Utfordringa har vore å laga så opne spørsmål som mogleg, slik at ikkje informantane blir leia fram til svaret. Til dei ustrukturerte intervjuar

har eg sett an situasjonen, men eg har som regel fletta inn to-tre standardspørsmål i kvar samtale. Spørsmåla har blitt litt ulikt formulert frå gong til gong, då det har vore ulike settingar.

Intervjuet med den kvinnelege høvdingen i Mukuni blei utført i Mukuni Village. Saman med ho var det ein tolk som oversette. To av dei semistrukturerte intervjuja med lærarane blei gjort på ein restaurant i Livingstone, medan det tredje intervjuet blei gjort på lærarrommet på ein skule i Livingstone. Alle intervjuja hadde ein varigheit på om lag 45 minutt. Intervjuet med områdesjefen blei gjort inne på Victoriafall-området, og var av kortare varigheit då berre dei spørsmåla som omhandla UNESCO blei teke opp. Drosjesjåførane snakka eg med i drosjane, og seljarane var berre eit tilfeldig utval som eg fann på marknaden utanfor Victoriafalla.

Det har vore litt utfordringar å ta omsyn til i forhold til å intervju zambiske personar. Ein kan bruke Dahl (2001) sin kulturfiltermodell for å forstå dette betre. Denne modellen forklarar ein interkulturell kommunikasjonsprosess. Det vil seie at det godt kan tenkast at sjølv om både avsendar og mottakar trur at dei forstår kvarandre og trur at dei tilskriv dei same meiningane til det som blei sendt, så har dei eigentleg forstått same melding på høgst ulike måtar. For å illustrera dette presenterar Dahl (2001) kulturfilter A og B. Kulturfilter A beskriv ein typisk vestleg tankegang, medan kulturfilter B beskriv ein meir tradisjonell tankegang, ganske typisk for kulturen i den tredje verda. Dei to filtra er konstruerte for å få ein interessant kontrast, og for å sjå korleis tolkingar gjennom to slike forskjellige filtre vil kunne føra til misforståingar og fordommar. Ved å observera B-kulturen gjennom kulturfilter A dukkar det opp mange fordommar. Poenget er at desse fordommane har blitt til ved at ein har betrakta den andre gjennom vårt eige kulturfilter. Dette kan gje eit misvisande resultat, ved at dei målestokkane vi brukar for å måle andre med, er teke frå ein kultur kor vi ikkje høyrer heime. Til dømes seier punkt 6 i kulturfilter A at språket er direkte og rett på sak. Det er logikk, klaring og grundigheit som er idealet, og saklegheit er eit krav. Reglar er viktigare enn relasjonar, og høflegheit er ikkje prioritert. På den andre sida seier same punkt i kulturfilter B at språket er indirekte. Heile atmosfæren, ikkje berre orda, formidlar det som skal seiast. Målet er å oppretthalda eit personleg forhold, og høflegheit kjem alltid i første rekkje (Dahl, 2001).

Når eg har intervjuet informantane i Zambia, har det vore nødvendig å ta omsyn til dei ulike kulturfiltera. Zambia er eit typisk kulturfilter B-land. Det er høflegheit som skal stå i fokus, medan ærlegdom kjem i andre rekkje. Derfor må ein prøve å formulera spørsmåla på ein måte som gjer til at dei forhåpentlegvis vil svare så ærleg som mogleg. Dei er svært indirekte i måten dei er på, og det å vera for direkte kan bli oppfatta som fornærmande og uhøfleg. Derfor har eg prøvd å stille litt indirekte spørsmål, samt å gjerne stille same spørsmål fleire gonger, men med ulike formuleringar. Intervjua har gjerne blitt innleia med litt uformell prat og eg har starta med lette, upersonlege spørsmål. Dette for å få ein godt forhold til informantane, samt prøve å få ein avslappa og uformell atmosfære. Ein annan utfordring ved intervjuet har vore språkproblem. Dei aller fleste informantane pratar flytande engelsk, men aksenten kan vera ganske annleis enn slik ein nordmann er vant med å høyra og prata engelsk. Ein av informantane prata ikkje engelsk, men hadde med seg ein tolk.

### **3.4 Hermenautikk**

Hermenautikk handlar om å bruka si eiga førforståing for å tolka eit fenomen. Kvar og ein ser verda på ein subjektiv måte, med eit sett av ulike fordommar, haldningar og meiningar er med på å forklare korleis ein tolkar og forstår verda (Dalland, 2007). Ein har ulike nivå av forståing. Ein kan referere til førforståing, førsteforståing, delforståing og heilskapsforståing. Kvar gong ein går gjennom materialet, vil det vera på eit høgare innsiktsnivå (Befring, 2007).

I oppgåva har eg brukt kunnskapen, haldningane og meiningane mine til å forstå og tolke korleis turismen opplevast av lokalbefolkninga i Livingstone og området rundt Victoriafalla. Etter kvart som eg har jobba med teori og empiri har eg stadig forstått og fått innsikt i nye perspektiv, tolka desse og sett på dei ulike delane i ein heilskap. Eg har fått ei forståing av at turismen i Livingstone, og på andre turistdestinasjonar, er svært samansett og berører mange fleire enn berre turistane og dei som jobbar direkte innanfor reiselivsnæringa. Når eg har jobba med intervjumateriale har eg fortolka noko som allereie har blitt fortolka ein gong før. Informantane har gjennom ulike bakgrunnar gjort seg opp meiningar og fått kunnskapar om turismen rundt Victoriafalla. Ein kan seie at svara som respondentane gav er deira fortolking av erfaringane dei har.

### 3.5 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet visar til kor pålitelig resultata er, medan validitet handlar om at intervjustudien undersøkar det den er meint å undersøke. Ein må heile tida stilla seg spørsmål om det ein undersøker og finn ut av er relevant for forskinga, og om ein kan stole på målingane og resultata. Dersom dette blir feil vil ikkje forskinga ha reliabilitet eller validitet i høve til problemområdet og problemstillinga (Kvale & Brinkmann, 2009).

I forskingsprosessen er det viktig at ein legg til rette for ein eller anna form for intersubjektiv kontroll. Det inneber at ulike personar på uavhengig grunnlag tolkar og vurderar same materiale. Dess fleire personar som er einige om korleis eit fenomen ser ut eller kan forklarast, dess større er sannsynet for at dette er ei "sann forklaring" (Befring, 2002). Døme på dette kan vera å bruka sitat. Då har kvar enkelt moglegheit til å tolke og vurderer materialet på sin måte. I og med at det ikkje er blitt brukt bandopptakar under intervju, er det ikkje teke med særleg mange sitat. Men nokre sitat som eg syns var gode og som eg syns framheva eit poeng, er teke med. Desse sitata blei særskild skrivne ned under intervju, og eg har valt å bruke dei i sin originalform, altså på engelsk. Dette for å få eit mest mogleg presist bilete av kva som vart sagt.

For å sikra validiteten i oppgåva, blei det valt kvalitativ metode med så opne spørsmål som mogleg. Det blei utført personlege semistrukturerte og ustrukturerte intervju. Ved å utføra intervju personleg kan ein utdjupe og presisera spørsmåla meir enn om ein til dømes hadde brukt spørjeskjema. Ein kan oppnå meir utfyllande og fyldigare svar på denne måten.

Utfordringa ved personlege intervju er å stilla så opne spørsmål som mogleg, slik at ikkje informanten blir påverka av spørsmålsformuleringa eller av det han/ho trur at blir forventta til svar. Det som kanskje først og fremst avgjer reliabiliteten, er om spørsmåla er oppfatta riktig av begge partar, om spørsmåla er dei rette og korleis dei er framstilt.

Det blei ikkje brukt bandopptakar under intervju, og dette er noko som kan diskuterast i høve til reliabiliteten. I tillegg til at eg sjølv tok notat, hadde eg ved dei formelle intervju med meg ein skribent som skulle notera så mykje som mogleg, slik at eg kunne konsentrera meg meir om spørsmålsformulering og observasjon av informantane. At det ikkje blei brukt bandopptakar blei gjort bevisst av den grunn at eg meiner at eg ville få meir ærlege svar utan

bandopptakar. Sjølv om dei har ytringsfridom i Zambia, står den ikkje like sterkt som i Noreg, og mange zambiare er redde for å opne seg for mykje og for vera for ærlege. Det kan også vera problematisk å stilla for direkte spørsmål, og ein bør ofte stille spørsmåla litt meir indirekte. Dette er noko som kan påverke validiteten og gjere til at svara ikkje har blitt så utfyllande og ærlege som ein skulle ønske. Rett etter etter kvart intervju gjekk eg og medintervjuaren gjennom svara, skreiv inn alt materiale på pc og prata og drøfta litt rundt svara. Dette meiner eg er med på auke reliabiliteten når ein ikkje brukar bandopptakar.

Noko som kan ha påverka reliabiliteten, er at gjennom datainnsamlinga opplevde eg at nokon av informantane skifta meining utover i intervjuet, og at nokre svara meir mot det dei trudde at eg ville høyre til svar. For å prøve å forstå kvifor dette skjedde kan ein, som tidlegare i metodekapittelet, bruka Dahl (2001) sin kulturfiltermodell for å prøve å forstå kvifor nokon av informantane gjorde nettopp dette. Som nemnt før beskriv kulturfilter A ein typisk vestleg tankegang, medan kulturfilter B beskriv ein meir tradisjonell tankegang, ganske typisk for kulturar i den tredje verda. Kulturfilter B set alltid høflegheit først, og fasaden er viktig (Dahl, 2001).

Ein annan faktor som kan diskuterast i høve til reliabiliteten og validiteten, er språkvanskar. Ein av informantane kunne ikkje engelsk, men hadde med seg ein rådgjevar som fungerte som tolk. Ein må derfor ta omsyn til at spørsmåla og svara kan ha blitt oppfatta eller tolka feil på grunn av vanskar med språket for begge partar.



## 4. EMPIRI

I denne delen av oppgåva vil svara frå intervjua bli analysert. Det fins inga mal eller fasit for analysering av kvalitative data. Innsamla data vil bli presentert under ulike underoverskrifter, og det er hovudtrekka innanfor emnet som vil bli gjengjevne. Det vil ikkje bli gjengjeve kva kvar enkelt informant har svart, men der det passar seg vil det bli gjengjeve direkte sitat. Spesielt gjeld dette viss noko særskild skal framhevast.

Hovudinformantane mine er den kvinnelege høvdingen i Mukuni og tre lærarar frå Livingstone. I tillegg har eg snakka med tre drosjesjåførar, nokre seljarar på marknaden utanfor Victoriafalla, områdesjefen for Victoriafalla og turistinformasjonen i Livingstone. Dette for å få meir bakgrunnsstoff om temaet. Namna som står bak sitata er fiktive, bortsett frå den kvinnelege høvdinga i Mukuni. Ho har blitt sitert og referert til direkte. Dette fordi at eg meiner at det gjev det mest presise bilete på kven som har svart kva. Gloria, John og Alfred er lærarar, Cynthia er ein av seljarane på marknaden og David er drosjesjåfør. Der det står alle/eit fleirtal/nokre av informantane blir alle informantane rekna med.

### 4.1 Victoriafalla – Zambias stoltheit og ein heilag plass

*"It is the smoke that thunders! It is loud, visible, beautiful and amazing!"*, (Gloria, 33 år).

*"It is Zambia`s pride!"*, (Cynthia, 46 år).

For eit fleirtal av informantane er Victoriafalla eit estetisk symbol på kor vakkert og fantastisk Zambia er. Fleire av informantane trekkjer også fram at det er eit symbol på inntekter til landet, i og med at det er ein stor turistattraksjon som trekkjer turistar dit. Ein informant seier at han føler seg heldig som bur i eit land med ein så fantastisk attraksjon. Ein annan informant meiner at Victoriafalla er Zambias stoltheit, og eit sterkt og vakkert symbol for landet. Så og seie alle informantane meiner at Victoriafalla er hovudgrunnen til at turistane kjem til Zambia. Fleire seier at utan denne naturattraksjonen, hadde det ikkje vore turistar i Livingstone og området rundt. Nokon av informantane seier at dei andre attraksjonane, som til dømes strikkhopp, rafting, det å besøkje høvdingen i Mukuni og safari i nasjonalparken Mosi-Oa-Tunya, ikkje hadde hatt noko grunnlag hadde det ikkje vore for Victoriafalla.

I følgje den kvinnelege høvdingen i Mukuni har Victoriafalla opp gjennom åra vore ein heilag plass for lokalbefolkninga, og kanskje spesielt for Toka-Leya-folket frå Mukuni. Fleire av informantane underbyggjer dette, og seier også at falla er ein tradisjonell plass som er brukt i høve til ofringar, seremoniar og ander spirituelle skikkar.

*” Several of the traditional and holy sacrifice spots are gone, and some of the reason for this is the large flow of tourists to the area ”*, (Den kvinnelege høvdingen i Mukuni).

I følgje den kvinneleg høvdinga er fleire av dei tradisjonelle og heilage plassane no borte på grunn av utbyggingar av ulike dimensjonar. Ho utdjupar dette vidare ved å fortelje om ein viktig ofringsplass som blei borte då dei bygde brua mellom Zambia og Zimbabwe. Ho trekkjer også fram ein plass som dei brukte å gå når dei var sjuke. Der vaska dei seg fordi dei trudde at vatnet hadde ein healande effekt, og at sjukdommen blei borte på den måten. Områdesjefen ved Victoriafalla underbyggjer dette, og legg til at denne plassen vart øydelagd då dei bygde dei små kraftstasjonane i botnen av falla, fordi dei måtte byggja kanalar ned til kraftstasjonane.

Vidare uttrykkjer den kvinnelege høvdingen, samt ein av dei andre informantane, at turismen og verdsarvstatusen til Victoriafalla har påverka lokalbefolkninga sin fridom i den grad at dei, på grunn av dei store hotella og lodgane, ikkje lenger har same tilgong til elva som det dei hadde før.

*“ Much of the freedom to go where you want and do what you want is gone, and much of the reason for this is because of the big hotels that are built along the river ”*, (Den kvinnelege høvdingen i Mukuni).

Ho seier vidare at fleire av dei tradisjonelle seremoniane framleis eksisterar, og trekkjer spesielt fram Lwindi-seremonien som føregår kvart år. Seremonien har eksistert i mange hundre år, men høvdingdronninga seier at turiststraumen inn til Victoriafalla har ført til forstyrringar som gjer til at seremonien misser litt av identiteten sin, i og med at delar av seremonien føregår nede ved botn av falla. På den andre sida seier ho at alle innbyggjarane i

Mukuni har gratis inngang til Victoriafalla, og på den måten kan dei vedlikehalda dei fleste tradisjonane sine.

Fleire av informantane uttrykkjer at utan turismen, hadde ikkje høvdingriket Mukuni hatt noko levebrød. For utanom å arbeide med handverk, arbeidar fleire av innbyggjarane i Mukuni i andre turistverksemdar. Til dømes arbeidar ein del innanfor aktivitetsføretaka, som til dømes med strikkhopp og rafting. I følge to av informantane står det mellom anna i ein del leigekontraktar at eit visst tal arbeidsplassar på hotella og lodgane er tiltenkt innbyggjarar frå Mukuni. Samstundes kom det fram at fleire av desse jobba berre ein liten periode før dei slutta, grunna dårlege arbeidstilhøve og liten løn. Spesielt gjaldt dette dei som var ansett i hotellbransjen.

#### **4.2 UNESCO og verdsarvstatus**

Inntrykket etter samtalanane med informantane er at svært få av dei hadde noko særleg kunnskap kva UNESCO eigentleg var for noko, og kva betydning verdsarvstatusen har for området. Til dømes hadde ingen av seljarane på marknaden utanfor inngangen til Victoriafalla høyrte om UNESCO. Fleirtalet visste at det var eit verdsarvområde, men eit mindretal visste kva det innebar. Det dei fleste trekte fram først, var at Victoriafalla var på lista over verdas sju naturlege underverk. Dei fleste av informantane var usikre på kva innverknad verdsarvstatusen hadde på området, bortsett i frå at nokon meinte at det er fleire turistar som kjem til området no, enn før området fekk verdsarvstatus.

*“The World Heritage status contributes to a very great extent when it comes to the marketing of Zambia as a tourist destination”, (Alfred 32 år).*

*“The World Heritage status means more tourists to the area, which means more money to the country”, (John, 35 år).*

Eit fleirtal av alle informantane meiner verdsarvstatusen i stor grad er med på setje Zambia på kartet og trekkje turistar til landet. Statusen er svært viktig i marknadsføringa av Victoriafalla som ein turistattraksjon, og den blir eit slags varemerke. Gjennom samtalen med områdesjefen ved Victoriafalla kom det også fram at UNESCO er sponsor for fleire utviklingsprosjekt innan utdanning og kultur i området.

Ein av informantane, som hadde litt kjennskap til kva UNESCO driv med, meiner at verdsarvstatusen fører til fleire ulemper enn fordelar.

*“UNESCO has high requirements and standards due to that Zambia is a developing country”, (Gloria, 33 år).*

Informanten seier at svært mange, både turoperatørar, reisebyrå, flyselskap og hotellnæringa, tener pengar på statusen gjennom å bruke den i marknadsføring og sal av varer og tenester, utan at særleg mykje går tilbake til Zambia. Informanten uttrykkjer også at UNESCO har for høge forventningar og krav i høve til Zambia når det gjeld å følgje internasjonale standardar.

Av dei informantane som visste kva inngangspengane til Victoriafalla blei brukt til, sa alle saman at pengane gjekk til staten, til royalties til høvdingparet i Mukuni, samt til drift og vedlikehald av området rundt turistattraksjonen. Områdesjefen underbyggjer dette, og la til at National Heritage Conservation Commission, som er underordna staten, også får ein del av inntektene

I følgje den kvinnelege høvdingen, jobbar UNESCO og Mukuni hand i hand. Områdesjefen ved Victoriafalla seier at viss dei skal setje opp eller byggje noko innanfor verdsarvområdet, må dei få godkjenning frå staten og frå UNESCO. Vidare seier ho at alt plante- og dyreliv i området er freda, og viss dei skal hogga ned noko skog eller av ein eller anna grunn må ta livet av eit dyr, må dei søka om løyve til dette.

Når det gjeld kva informantane legg i uttrykket berekraftig turisme, er inntrykket at berekraft har ein annan betydning for ein zambiar enn for ein nordmann.

*“Sustainable means something that will continue”, (John, 35 år).*

*“The tourism is absolutely sustainable! We can earn money from it in a very long time”, (Alfred, 32 år).*

Hovudintrykket frå Zambia er at informantane sitt fokus ligg på det å tene pengar. Eit fåtal av informantane trekte fram skade på miljøet eller lokalbefolkninga då dei fekk spørsmål om

kva berekraftig turisme betyr for dei. Eit fleirtal av informantane svara at turismen var berekraftig, med den grunngjeving at ein kunne tene pengar på turismen også i framtida.

### 4.3 Økonomiske verknader

*”One of the benefits, is that the tourism create jobs for the residents of Livingstone”,*  
(Gloria, 33 år).

Eit fleirtal av informantane oppgav auka sysselsetjing som ein positiv effekt av turismen i og rundt Livingstone. Ein av informantane trekte særskilt fram at turismen skapar direkte arbeidsplassar gjennom hotella, lodgane, aktivitetsføretaka, restaurantnæringa og drosjenæringa. Vidare nemnde informanten ein del arbeidsplassar som er blitt skapte indirekte av turismen. Til dømes blei det trekt fram at jordbruksnæringa tener indirekte på turismen, i form av at fleire folk til landet, betyr auka etterspurnad etter matvarer produsert gjennom lokalt jordbruk.

*” More people means more demand for food, which in turn means increased revenue for the agricultural industry”,* (John, 35 år).

Eit fleirtal av informantane trekkjer fram økonomisk lekkasje og økonomisk avhengigheit som ein negativ økonomisk effekt av turismen.

*“The big hotels have foreign owners. And that means that the money that they earn, goes straight back to the banks in foreign countries, and not very much are left in Zambia”* (Gloria, 33 år).

I følge turistinformasjonen i Livingstone, er det berre eitt hotell i området som er zambiskeigd. Alle dei store hotella og lodgane langs Zambezielva er eigde av utanlandske føretak og investorar. Til dømes er dei to hotella Royal Livingstone og Zambezi Sun eigde av den sørafrikanske hotellkjeda Sun International ([www.suninternational.com](http://www.suninternational.com), 13.04.2012). I følge to av informantane, går pengane som kjeda tenar på dei to hotella, rett til bankar i Sør-Afrika. Dei uttrykkjer at ein stor del av lokalbefolkning meiner at dei store hotellkjedene og lodgane som er eigde av utanlandske, gjev altfor lite tilbake til lokalsamfunnet i høve til kor mykje dei eigentleg tener på å bruka området. Til dømes meiner dei at hotellkjeda ikkje

bidreg til utbetring av vegar, og at det er det den zambiske staten som betalar for. Dei seier også at hotella importerar svært mykje av maten dei serverar frå utlandet.

På den andre sida seier ein av informantane at desse hotella betalar ein del skatt og avgifter til den zambiske staten, i tillegg til at høvdingparet i Mukuni får sin del gjennom royalties. Den kvinnelege høvdingen underbyggjer dette og legg til at innbyggjarane i Mukuni har førsterett på ein del av arbeidsplassane på hotella, lodgane og i aktivitetsføretaka rundt Victoriafalla. Ei gruppe som ein kanskje skulle tru tener godt på turismen, er drosjesjåførane. Men det kom fram, både gjennom samtalar med lærarane og med drosjesjåførane sjølv, at dei eigentleg ikkje tener særleg på turismen.

*”The hotels have their own cars, and most of the tourists don’t use the taxis”,*  
(David, 40 år).

Grunnen til dette, i følgje drosjesjåførane sjølv, er at svært mange av turistane som kjem til Livingstone blir henta på flyplassen av hotella og lodgane sine egne bilar, og køyrde rett til overnattingsstaden. Når dei skal noko, er det gjerne hotella og lodgane som ordnar transport med sine egne bilar, i staden for å bruke drosjane som transportmiddel.

To av informantane peika på at turisme er ei viktig brikke i Zambias strategi for reduksjon av fattigdom. Dei meiner at turistnæringa bidreg til reduksjon av fattigdom gjennom skaping av arbeidsplassar og auka inntekter til landet.

*”Tourism is a tool in Zambias poverty reduction program”,* (Alfred, 32 år).

#### **4.4 Sosiokulturelle verknader**

*”The HIV-rate is the highest in Zambia!”*, (John, 35 år).

Ein faktor som nokre av informantane trekte fram er den høge HIV-prosenten i Livingstone. I følgje dei informantane som trakk dette fram, er Livingstone det området i Zambia med høgast HIV-prosent. Informantane meinte at mykje av grunnen til dette låg i turiststraumen til området.

*”Livingstone have a lot of prostitutes. I think it is a good market for them here, with the white, rich tourist who comes to town”,* (Gloria, 33 år).

Ein av informantane viser til uroa i Zimbabwe som ein underliggjande grunn for det høge talet på prostituerte. Han meiner at det er ein god del fleire prostituerte i Livingstone enn andre plassar i Zambia. I følgje informanten, steig HIV-prosent rundt byrjinga av 2000-talet, då ganske mange flykta frå presidet Mugabe sitt regime i Zimbabwe. Mange søkte over grensa til Zambia, og for mange blei prostitusjon einaste løysinga for å skaffa seg eit levebrød. Vidare fortel informanten at det var ikkje berre lokalbefolkninga i Zimbabwe som flykta, også turistane valde no heller Zambia framfor Zimbabwe når dei skulle oppleve mellom anna Victoriafalla. Derfor opplevde Zambia ein kraftig auke i talet på turistar på denne tida. Informanten meiner vidare at meir turistar, betyr fleire potensielle kundar for dei prostituerte, noko som igjen kan føra til at HIV lettare spreiar seg.

Ein ser også at i takt med at talet på turistar har auka, har også narkotikamisbruk, smugling og kriminaliteten auka i området. Ein av informantane seier at det er mykje meir narkotika i omløp på byen i Livingstone no enn det var for berre nokre år sidan, og meiner at grunnen til dette ligg i at turistar og andre som kjem utanfrå har med seg varene inn til Livingstone.

Fleire av informantane seier og at dei syns at turismen i området var med på å øydelegga den tradisjonelle kulturen. Spesielt dei yngre blir stadig meir påverka av den vestlege kulturen, og dette gjenspeglar seg, i følgje nokon av informantane, gjennom korleis dei kler seg, musikken dei høyrer på, språket og kommunikasjonen.

*”The young people want to dress like they do in the western countries. They see how the tourists are acting, and then they want to copy their way of dressing and acting”,*  
(John, 35 år).

Nokre av informantane uttrykkjer at dei er redde for at dei unge skal bli så påverka at dei zambiske tradisjonane, verdiane og veremåten blir borte i framtida. Dei unge ser på den zambiske kulturen som altfor tradisjonell og gammaldags, og det er blitt meir og meir populært hos dei unge å strebe etter eit vestleg ideal.

Samstundes trakk også nokre av informantane fram det positive ved at ulike kulturar møtest;

*” [...] and I can learn something from them, and they can learn something from me. If it haven`t been for the tourists, I never had the same opportunity to get to know people from other countries”, (Alfred, 32 år).*

*“For me as a teacher, I don`t benefit anything from the tourism directly. But indirectly I benefit”, (Alfred, 32 år).*

Fleire av lærarane sa at dei ikkje direkte tener noko på turismen, men at dei indirekte har nokre fordelar. Fleire av informantane peika på forbetra infrastruktur som ein indirekte fordel dei kunne nyte godt av. Til dømes er vegen ut til flyplassen, Airport Road, blitt utbetra ein god del dei siste åra. Også fleire av dei andre hovudvegane er utbetra. Men samstundes som dei drog fram forbetring av vegar som ein fordel, peika dei også på at vegane utanom hovudvegane ikkje blir prioriterte, då svært få turistar ferdast der. Eit fleirtal av informantane meiner at utbetring av vegane hadde nok ikkje blitt prioritert dersom det ikkje hadde vore for turiststraumen til området.



## 5. DISKUSJON OG DRØFTING

I denne delen av oppgåva vil empirien bli diskutert og drøfta opp mot det som teoridelen tek føre seg. Det er mange faktorar og emne ein kunne ha diskutert og drøfta, men det vil her bli fokusert på dei emna som forfattaren meiner er mest interessante og relevante i høve til problemstillinga.

### 5.1 Lokalbefolkninga sitt syn på dei økonomiske verknadene av turismen i og rundt Livingstone

Gjennom empirien kjem det fram at fleire av informantane ser på Victoriafalla som eit symbol på auka inntekter til Zambia. Vidare meiner dei fleste av informantane at utan Victoriafalla, hadde det ikkje vore turistar i og rundt Livingstone. Ein kan knyte dette opp mot teorien som seier at auka inntekter for den lokale økonomien er eit resultat av auka etterspurnad etter varer og tenester. Den auka etterspurnaden er igjen eit resultat av turiststraumen til området, og Victoriafalla er hovudgrunnen til turiststraumen.

*“We are too dependent by the Western countries, and I think that it will take many, many years before we are financially independent”, (John, 35 år).*

Det kan her diskuterast kor mykje av inntektene som eigentleg går tilbake til Zambia, og kor avhengig Zambia er av meir industrialiserte land. Turistinformatjonen i Livingstone opplyser at nesten ingen av hotella i og rundt Livingstone er eigde av zambiske. Fleire av dei andre informantane trekk også fram dette som eit viktig punkt når ein snakkar om økonomi, og fleire meiner at dei utanlandske føretaka og investorane utnyttar den naturressursen som Victoriafalla er. I teoridelen såg ein at dei vestlege landa utnyttar natur- og kulturressursane i fattige land til reiselivsformål, og at inntektene kjem dei rike landa til gode (Eide, 2002). Ein kan her setje dette i samband med avhengigheitsteorien (Sharpley, 2002) og økonomisk lekkasje (Mehmetoglu, 2007). Utviklingslanda er økonomisk avhengig av industrilanda, og inntektene og overskota går tilbake til moderselskapa i utlandet. Varer og tenester blir importert frå utlandet for å tilfredsstilla behova til gjestane.

Ein av dei viktigaste økonomiske effektane som informantane trekte fram, er auka sysselsetjing. I eit land som Zambia, der arbeidsløysa er svært stor, er det klart at arbeidsplassar skapa, både direkte og indirekte, som ein følgje av turismen, er svært viktig for

lokalbefolkninga. Teorikapittelet viste, i følgje Rogerson (2004), at talet på arbeidsplassar direkte knytt til turistnæringa i Livingstone auka med heile 25 % då dei to hotella Zambezi Sun og Royal Livingstone blei opna i 2001. Dette er dei to hotella som ligg aller nærast Victoriafalla. To av informantane viste til auka sysselsetjing og auka inntekter til landet som ein ringverknad i høve til at turistnæringa er med på å redusera fattigdom. Gjennom etablering av nye arbeidsplassar og auka inntekter til landet, er turismen eit våpen i kampen mot fattigdom. Som ein såg i teoridelen, understrekar turismepolitikken i Zambia viktigheita av reiselivsutvikling som eit middel for å redusera fattigdom.

## **5.2 Sosiale og kulturelle konsekvensar av turismen i Livingstone**

Sjølv om turismen utan tvil bidreg til betydeleg økonomisk vekst, er det ikkje til å unngå at den får både sosiale og kulturelle konsekvensar. Som ein såg i teorikapittelet, kan desse konsekvensane både vera positive og negative.

*” Several of the traditional and holy sacrifice spots are gone, and some of the reason for this is the large flow of tourists to the area ”, (Høvdingdronniga i Mukuni).*

Victoriafalla er ein heilag plass for lokalbefolkninga, og spesielt for Toka-Leya-folket frå Mukuni. Det kan diskuterast i kor stor grad turismen har verka inn på lokalbefolkninga sine tradisjonar og skikkar. Dei heilage plassane blir forstyrra av turistar, og det kan føre til at lokalbefolkninga ikkje får den freden og roen som dei før har hatt når dei har søkt mot dei heilage plassane. Det kom også fram at fleire av dei heilage plassane er øydelagde på grunn av utbyggingar, og nokre av informantane skulda på turismen. Men går ein djupare inn, ser ein at både kraftstasjonane i botnen av falla og brua mellom Zambia og Zimbabwe blei bygd før området fekk verdsarvstatus og turiststraumen var stor. Så UNESCO har ingenting med desse utbyggingane å gjera. Om ikkje området hadde hatt verdsarvstatus, hadde det kanskje til og med vore endå meir utbygging i området.

Ein verknad av turismen er at ulike kulturar møtest. Nokre av informantane meinte at dette var positivt, medan andre hadde eit meir negativt syn.

*” [...] they believe that the Zambian traditions are too old and would rather live like they do in the Western countries ”, (John, 35 år).*

Fleire av informantane meinte at turismen i området var med på å øydeleggja den tradisjonelle kulturen. Dette underbyggjer det Olsen (2008) seier om at det stort sett er lokalbefolkninga som endrar seg, og ikkje turistane. Fleire meinte at særleg dei unge lett blei påverka av turistane sin klesstil, musikksmak, språket dei snakkar og måten dei kommuniserer på. Det kom fram at dei unge ser på dei zambiske tradisjonane som altfor tradisjonelle og gammaldagse, og fleire og fleire unge prøver å strekkja seg etter eit meir vestlege ideal. Dette kan knytast til Bruner (1995) sin teori om at lokalbefolkninga skapar ei ny forståing av seg sjølv på bakgrunn av dei turistane dei ser og møter. Denne forståinga er gjerne basert på ein vestleg tankegang, der lokalbefolkninga blir oppfatta som tradisjonelle og tilbakeståande, men at dei vil utvikla seg mot eit vestleg ideal (Bruner, 1995). På den andre sida kan det diskuteras om det ikkje berre er turismen som har ført til at tradisjonelle kulturar strebar etter vestlege ideal. Globaliseringa av verda bidreg også i stor grad til vestleg påverknad, gjennom fjernsyn, radio, internett og andre media.

*”One positive effect is that different cultures meet, and that we can have a chance to get to know people from different parts of the world”, (Alfred, 32 år).*

Som ein såg i teorikapittelet, er globalisering ein av dei viktigaste trendane som påverkar turismen. Verda blir meir og meir lik på mange område, og ofte blir ein del slike trekk omtala som amerikanisering eller europeisering, då dei fleste turistane rundt om i verda kjem frå vestlege land (Jacobsen, 2008). I avsnittet over såg ein korleis turismen kan vera med på å øydeleggja tradisjonelle kulturar. Ser ein det frå ein annan vinkel, kan globalisering og turisme vera med på å skapa forståing, toleranse og vennskap (Olsen, 2008). Turisme kan bidra til ei tverrkulturell forståing, og dei fleste av informantane var opne for å møta nye menneske frå andre kulturar. Dei informantane som såg på kulturmøta som noko positiv, trakk mellom anna fram at lokalbefolkninga kan lære noko av turistane og vice versa. Til dømes sa dei fram at dei kan lære språk og få nye vener. Dette underbyggjer Mehmetoglu (2007) sin teori om at lokalbefolkninga får moglegheit til sosialisering, lære seg språk og få selskap gjennom turistane si tilstadeværing.

Mehmetoglu (2007) seier at ein negativ effekt av turisttilstrøyminga til ein destinasjon kan vera auke i ein del uønska aktivitetar som prostitusjon, kriminalitet og auka alkohol- og

narkotikamisbruk. Ein av informantane uttrykkjer at Livingstone er ein by med mange prostituerte, og meiner vidare at ein av grunnane til dette er turismen.

*“Livingstone have a lot of prostitutes. I think it is a good market for them here, with the white, rich tourist who comes to town”, (Gloria, 33 år).*

Vidare fortel ein annan informant at Livingstone er den byen i Zambia med det høgaste prosenttalet HIV-smitta, og konkluderar dette med at det høge talet på prostituerte er hovudgrunnen. Ein av informantane trekkjer fram at den politiske uroa i Zimbabwe er ein av årsakene til at det er mange prostituerte i Livingstone. Ser ein på teorien, og det Rogerson (2004) seier om at det på byrjinga av 2000-talet blei ei stor auke i talet på turistar til Livingstone på grunn av politisk uro i Zimbabwe, er det godt mogleg at informanten sin teori om det høge talet på prostituerte stemmer. Men på den andre sida er det mange samansette faktorar som spelar inn, og turismen er nok berre ei lita brikke i dette.

### **5.3 Verdsarvstatusen sin betydning**

Det viste seg gjennom datainnsamlinga at det var lite kunnskap blant lokalbefolkning om kva UNESCO og verdsarvstatusen eigentleg betydde for området. Ingen av seljarane på marknaden utanfor Victoriafalla visste kva UNESCO var for noko. Alle lærarane hadde høyrte om UNESCO, men ingen kunne eigentleg svara på kva organisasjonen gjorde for området rundt Victoriafalla. Det at ingen av seljarane hadde høyrte om UNESCO var ikkje så overraskande, i og med at dei aller fleste er utan utdanning og frå svært fattige kår på landsbygda.

Ein såg i empiridelen at nokon av informantane meinte at UNESCO set for høge krav i høve til forvaltning, tilrettelegging og ivaretaking av Victoriafalla. Det kom fram at nokre meinte at det er uopnåeleg å forventa at Zambia, som er eit utviklingsland, skal følgja same standardar som til dømes eit industriland som Noreg. Utviklingslanda har mykje mindre ressursar å bruke på å følgje opp desse standardane, samt at dei kanskje manglar kunnskap om noko som landa i Vesten tek for gitt. Ein av informantane uttalte;

*“UNESCO has high requirements and standards due to that Zambia is a developing country”, (Gloria, 33 år).*

Dette underbyggjer ikkje det UNESCO sjølv påpeikar. Som ein såg i teorikapittelet inneber ikkje verdsarvstatusen at det blir meir eller mindre vern i området, og forvaltning og sikring av området skal forholde seg til nasjonalt lovverk og løysast innanfor rammene av eigne ressursar (whc.unesco.org, 07.03.2012). Om ein tolkar dette rett, følgjer til dømes ikkje Zambia og Noreg same standardar når det gjeld forvaltning og sikring av verdsarvområda. I tillegg til dette kom det fram under samtalen med områdesjefen for Victoriafalla at UNESCO sponsar ein del prosjekt i området, som ikkje hadde vore mogleg å realisere utan hjelp frå UNESCO. Det kan derfor diskuterast om kunnskapen blant lokalbefolkninga når det gjeld kva UNESCO gjev tilbake til lokalsamfunnet, ikkje er god nok.

Empirien viser at eit fleirtal av informantane meinte at verdsarvstatusen var med på å setja Livingstone og Zambia på kartet og å trekkja turistar. Verdsarvstatusen har heilt klart ein stor marknadsføringseffekt, og både hotell, lodgar, reisebyrå og flyselskap brukar det i marknadsføringa si. Noko som kan diskuterast er kor mykje dei føretaka som brukar Victoriafalla og verdsarvstatusen i sin marknadsføring, eigentleg gjev tilbake til lokalsamfunnet. I følgje turistinformasjonen i Livingstone, er omtrent alle hotella og lodgane eigde av utanlandske investorar. På den eine sida trekkjer dei turistar til Zambia og Livingstone gjennom marknadsføringa si, og det igjen fører mellom anna til auka etterspurnad etter varer og tenester, auka tal på arbeidsplassar og auka valuta. På den andre sida går lite av inntektene til desse hotella tilbake til Zambia, då pengane går til bankar i utlandet. I følgje eit par av informantane bidreg dei heller ikkje i noko særleg grad til utbetring av infrastruktur og veldig mykje av varene dei sel er importert frå utlandet.

Det kan diskuterast kva omgrepet berekraftig betyr for ein zambiar. I og med at det i følgje Jacobsen & Viken (2008) er over 70 definisjonar på kva berekraftig betyr, kan ein ikkje seie at noko er meir rett eller galt enn noko anna. Det som gjekk igjen, var at berekraftig betyr noko som ein kan tene pengar på også i framtida. Dette underbyggjer det Jacobsen & Eide (2002) seier i teoridelen om at ein må sjå økonomisk verksemd i samheng med miljøets berekraft. Skal ein i framtida kunne tene pengar på turismen, må ein ta vare på naturen og miljøet, som tross alt er hovudgrunnen til turismen.

Når det gjeld berekraftig utvikling kom det fram i empirien at dei fleste informantane meiner at turismen i Livingstone og rundt Victoriafalla er berekraftig. I følgje Jacobsen & Viken (2008) er det vanskeleg å bestemma konkret kva berekraft vil seie i dei ulike situasjonane eller når ein går over grensa for forsvarleg ressursbruk. Uansett korleis ein snur og vender på det, inneber turisme belastning på natur og miljø. "Miljøvenleg turisme" vil derfor nesten i alle samanhengar vere mindre miljøvenleg enn ikkje-turisme (Jacobsen & Viken, 2008).

## 6. OPPSUMMERING – KONKLUSJON

Poenget med problemstillinga "Kva for økonomiske og sosiokulturelle fordelar og ulempar meiner eit utval av zambiarar at turismen rundt verdsarvområdet ved Victoriafalla har ført med seg?" er å forsøka å gje eit bilete på kva for økonomiske og sosiokulturelle verknader lokalbefolkninga meiner har oppstått som ein effekt av turismen rundt Victoriafalla. Ein har gjennom oppgåva sett at ein verdsarvstatus frå UNESCO er med på å auke turiststraumen til dei områda som får denne statusen, og at det heilt klart er eit auka trykk på slike områder.

Ulike emne som globalisering, verdsarv, kultur, negative og positive verknader, samt berekraftig turismeutvikling er blitt omtala og diskutert for å få fram eit bilete på korleis informantane ser på turismen i og rundt Livingstone.

Ei tolking av empirien viser at verdsarvstatusen frå UNESCO heilt klart er med på å setje Zambia på kartet, og Victoriafalla blir omtala som Zambias stoltheit. Statusen er viktig i marknadsføringa av Zambia og Livingstone som ein turistdestinasjon. Det er eit viktig område for mange zambiarar, og spesielt for innbyggjarane i høvdingriket Mukuni.

Victoriafalla har oppgjennom tidene vore ein tradisjonell og heilag plass for Toka-Leya-folket frå Mukuni, og turiststraumen til området kan vera forstyrrende for lokalbefolkninga sine skikkar og tradisjonar. Generelt viste det seg at lokalbefolkninga hadde lite kunnskap om kva verdsarvstatusen eigentleg betydde for området. Det var få som visste at UNESCO til dømes bidreg med økonomiske midlar til ulike utviklingsprosjekt i området innan utdanning og kultur. Verdsarvstatusen har truleg også bidrege til å verne området meir mot utbygging av til dømes vasskraftverk.

Dei aller fleste informantane hadde eit positivt syn på turismen i Livingstone. Auka sysselsetjing er noko som blei drege fram som ein svært positiv effekt. Det er klart at i eit utviklingsland som Zambia, der arbeidsløysa er svært høg, er eit auka tal på arbeidsplassar viktig for lokalbefolkninga. Ein god del av innbyggjarane i Mukuni og i Livingstone har fått arbeid gjennom føretak som er direkte knytt til turisme, som til dømes strikhhopp, rafting og i hotellnæringa. I tillegg er auka inntekter og auka tal på arbeidsplassar, som ein verknad av turismen, med på å redusera fattigdom.

Når det gjeld dei sosiokulturelle verknadene, var informantane litt splitta i sine meiningar. Nokre såg på turismen som ein gylden moglegheit for å skaffa seg nye vener, læra seg nye språk og læra nye kulturar å kjenne. Nokre hadde fleire vestlege vener som dei sjølv meiner at dei ikkje hadde møtt hadde det ikkje vore for turismen i Livingstone. På den andre sida såg nokre av informantane på turiststraumen som ein trugsel mot den tradisjonelle kulturen. Spesielt den yngre generasjonen blir stadig meir påverka av den vestlege kulturen, i tillegg til at mange ser på dei zambiske tradisjonane som gamaldagse, noko som kan vera med på å truga dei zambiske tradisjonane og verdiane i framtida. Likevel kan ikkje turismeindustrien ta all skulda for dette. Globalisering og auka tilgang på internasjonale media er må også sjåast på som ein faktor.

Turisme er ei viktig inntektskjelde, både for Zambia som nasjon og for lokalbefolkninga. Som på alle andre turistdestinasjonar, møter ein utfordringar og negative effektar som ein konsekvens av turiststraumen. Det er viktig å prøve å møte utfordringane på ein måte som tilfredsstillar både turistane og lokalbefolkninga, men lokalbefolkninga sine behov og meiningar bør alltid kome i første rekkje. UNESCO er ein viktig bidragsytar når det gjeld vern og ivaretaking av området, og er ein viktig støttespelar når det gjeld berekraftig turismeutvikling.



## 7. LITTERATURLISTE

- African World Heritage Fund. 2006. World Heritage Sites and Sustainable Tourism. Situational Analysis: Victoria Falls World Heritage Site, Report 2. Tilgjengeleg frå; .... (Henta: 27.02.2012).
- Baylis, J., Ounes, P. & Smith, S. 2001. *The globalization of world politics*. University Press: Oxford.
- Befring, E. 2007. *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Bruner, E. 1995. 'The ethnographer/Tourist in Indonesia', i Lanfant, M.F, Allcock, J.B & Bruner, E (red.). *International tourism: Identity and change*. Studies in International Sociology 47. Sage. London
- Dahl, Ø. 2001. *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Dalland, O. 2007. *Metode og oppgaveskriving for studenter – 4.utgave*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eide, K. 2008. 'Turismens konfliktområder', i Jacobsen, J.K.S. & Eide, K (red.). *Turisme. Turister og samfunn*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo
- Giddens, A. 1991. *Modernity and self-identity. Self and society in late modern age*. Cambridge: Polity Press
- Holme, I.M. & Solvang, B.K.. 2004. *Metodevalg og metodebruk*. Tano Aschehoug
- Jacobsen, J.K.S & Eide, K. 2002. *Turisme. Turister og samfunn*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo
- Jacobsen, J.K.S. 2008. 'Megatrender i reiselivet', i Viken, A & Jacobsen, J.K.S (red.) *Turisme. Fenomen og næring*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo
- Jacobsen, J.K.S & Viken, A. 2008. *Turisme. Fenomen og næring*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo
- Johannesen, A., Tufte, P.A. & Christoffersen, L. 2010. *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode. 4.utgave*. Oslo: Abstrakt Forlag AS
- Johannesen, B. & Leraand, D. 1997. *Bistandsleksikon: aktører og begreper i norsk og internasjonal bistand*. Gazette Bok: Oslo
- Kvale, S. & Brinkmann, S. 2009. *Det kvalitative forskningsintervju – 2.utgave*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo
- Mehmetoglu, M. 2007. *Naturbasert turisme*. Bergen: Fagbokforlaget
- Murphy, A., Luckham, N. & Simmonds, N. 2010. *Zambia & Malawi*. Lonely Planet Publications Pty Ltd.
- Olsen, K. 2008. 'Reiser og tverrkulturell kommunikasjon', i Jacobsen, J.K.S. & Viken, A (red.). *Turisme. Fenomen og næring*. Gyldendal Norsk Forlag As: Oslo

- Rogerson, C.M (2004) 'Adventure tourism in Africa: The Case of Livingstone, Zambia'. *Geography* Vol.89 (Nr.2), side 183-188
- Sharpley, R. 2002. 'Turisme og utvikling', i Jacobsen, J.K.S & Eide, K (red.) *Turisme. Turister og samfunn*. Gyldendal Norsk Forlag AS: Oslo.
- Sun International. Tilgjengeleg frå: <http://www.suninternational.com/Destinations/Resorts/FallsResort/Accommodation/Pages/Accommodation.aspx> (Henta: 13.04.2012).
- Tordsson, B. 2010. *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- UNESCO. Tilgjengeleg frå; <http://whc.unesco.org/en/funding/> (Henta: 02.04.2012).
- UNESCO. Tilgjengeleg frå; <http://whc.unesco.org/en/convention/> (Henta: 07.03.2012)
- Utanriksdepartementet; Tilgjengelig frå; <http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/nou-er/2008/nou-200814/6/9.html?id=525859> (Henta:30.03.2012).
- Viken, A. & Haukeland, J.V. 2008. 'Miljø og turisme – et dilemma', i Jacobsen, J.K.S & Viken, A (red.). *Turisme. Fenomen og næring*. Gyldendal Norsk Forlag AS. Oslo.
- World Tourism Organisation UNWTO. Tilgjengeleg frå; <http://unwto.org/en/content/why-tourism> (Henta: 10.04.2012)
- World Tourism Organisation UNWTO. Tilgjengeleg frå; <http://www.unwto.org/ethics/index.php> (Henta: 10.04.2012)

## **INTERVIEW GUIDE**

Information to the informants:

- Information about me and the project.
- The informants don't need to answer all the questions if he/she don't want to do that.
- The informants will be anonymous.
- The answers will not be used in later scientific work.
- The informants may at any time resign from the study.
- It will be taken notes during the interview.

### **Livingstone, Victoria Falls and the tourism:**

- What is your opinion about the tourism in Livingstone and around Victoria Falls?
- What does the word "tourism" mean to you?
- What does the tourism mean for the Victoria Falls, and for Livingstone as a tourist destination?
- What kind of benefits can you see from the tourism in Livingstone and around Victoria Falls?
- What kind of problems can you see from the tourism in Livingstone and around Victoria Falls?
- Is the tourism sustainable in this area?
- What means sustainable to you?
- What have the tourism done to the local community?
- How does the local community benefit from the tourism?
- What is your opinion about the big hotels around the Victoria Falls, like the one who are owned by the Sun International?

### **Victoria Falls and the traditions:**

- What do you think Victoria Falls means to the Zambian people?
- What have the area meant to the Zambians through the ages?
- What does Victoria Falls mean to you personally?

### **Victoria Falls and the management:**

- Do you know who owns the land around Victoria Falls?
- Who management the land around Victoria Falls?
- Can anyone buy land around the Victoria Falls and the WHS?
- Does the money go back to the local community?

### **UNESCO and the World Heritage Site:**

- In 1989 the Victoria Falls became a World Heritage Site (WHS) under UNESCO. What did that meant to the area?
- What consequences had the status?

- Was it some changes due to the WHS-status?
- Who much influence does the UNESCO have on the management on the site?
- What does the entrance-money to Victoria Falls go to? Has UNESCO anything to with it?
- How do you personally see the WHS-status? Positive/negative?
- What do you think the WHS-status means to the area and to the tourism?